



REFARAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET VED TU SKULE

Tid: Måndag 08.06.26 kl. 15.00-16.00

Deltakarar:

- Vibeke Sola, rektor
- Vilde Bilstad, politisk representant
- Emily Mcnicol, elevrepresentant
- Helle Sandanger, elevrepresentant
- Olav Risa, foreldrerepresentant
- Mari Søyland, foreldrerepresentant
- Lene Hauge Klepp, tilsett
- Hilde Johanne Bjørnevik Ueland, tilsett
- Anita Holen, tilsette

Olav Risa hadde meldt forfall. Vilde Bilstad møtte ikkje.

28/2025-2026 FAU


Kort gjennomgang av årsmeldinga til FAU og eventuelle planar for komande skuleår

- Årsrapporten: FAU har hatt møte kvar månad, utarbeida ei anbefaling om mobil og skjermbruk, arrangert føredrag med Pål Roland, hatt reflekskampanje, sendt inn svar på høyring ang. brannstasjonen. FAU set stor pris på godt samarbeid med rektor og hennar deltaking på møta. Partnerskap mot mobbing har delteke på fleire FAU-møter og fått eit tettare samarbeid med FAU dette året. Det er eit godt engasjement i FAU.
- FAU ønskjer å få til eitt nytt føredrag neste skuleår og vil gjerne arrangere andre ting i samarbeid med partnerskapet. Nytt FAU er valt.

29/2025-2026 Elevråd

Elevrådet fortel om turneringar og tiltak for god trivsel.

- Elevrådet har hatt fellessamling for heile skulen, med vennskap som tema.
- Dei har hatt teiknekonkurranse og mange turneringar (sjakk, handball, bordtennis) gjennom skuleåret, og har nyleg avslutta fotballturnering (ein for 2.-4.trinn og ein for 5.-7.trinn)
- Elevane liker godt ulike turneringar, og vil gjerne ha endå fleire.
- Ide som nyleg kom opp på møte: Grønnsakshage, evt frukthage på skulen. Me ser utfordringane med vatning og luking i sommarferien og forhindring av hærverk, men det er likevel ein ide me kan sjå litt nærmare på.



Med blick for alle

30/2025-2026 SFO

Anita legg fram utkast til plan for neste SFO-år og fortel om overgangen frå barnehage til SFO.

- Årsplanen er klar, den blir nokså lik som dette året. Eit tema for kvar månad, det har fungert bra. Det blir litt færre ungar neste år; ca 80. Lik organisering som i år.
- Ferie-sfo: Her vil ein legge opp til turar, vannleik, grilling, m.m. Etter ein konferanse som Silje var på vil dei prøve ut «SFO-venn», litt liknande Trivselsleiar; 3. og 4. klassinger som er trygge sfo-vennar for dei nye.
- VIP-kveld for dei nye: godt oppmøte, mange ungar virka trygge, også dei som kom frå andre barnehagar. Fruktserving. Kjekt å få treffe foreldra. God stemning. Etterpå hadde me gjennomgang om dei nye barna. Planleggingsdag til hausten, for å vere førebudd.
- SFO er med i samarbeid med Jæren friluftsråd.
- Tilsette: skal ha to ekstra. Ein ung gut har sagt munnleg ja.
- Kåsenhallen: To gutar frå Bryne vgs har hatt opplegg ein gong i veka med 12-14 ungar. Det fungerer kjempegodt, og dei håper det vil halde fram. Må spele det inn til Anders at me ønskjer at det skal halde fram.

31/2025-2026 Politisk

Vilde legg fram frå Hovudutval for barn og unge som var 28.05.26 på Tu skule.

Hovedutvalget hadde møte her på skulen. Dei fekk sjå butikken og Vibeke og Bjørg hadde innlegg om det å vere ein dysleksivennleg skule, to andre om ASK og Oracy.

32/2025-2026 Informasjon om TL

Hilde Johanne presenterer innhaldet i prøveperioden om trivselsleiar:

Skulen har takka ja til ein gratis prøveperiode med Trivselsleiarar. Me har nå MiPa (Miljøpatrolje) som har fungert greitt, men som me merker litt dalande interesse for. I TL-opplegget blir elevane nominert og valt ut etter visse kriterier. Me vil ha ca. fire TL-elevar frå kvart trinn (4.-7.). Dei får reise på leikekurs og lære mange nye leiker, som dei andre elevane på skulen skal få lære på ein felles aktivitetsdag. Trivselsleiarane vil få eit kulturkort og ei kjekk avslutning som takk for innsatsen. Skulen får og tilgang til ei nettside med forslag til ulike aktivitetar og opplegg. Me skal ta stilling til om me vil halde fram med dette opplegget i november.

33/2025-2026 Utviklingsplan

Rektor legg fram utviklingsplanen for skuleåret 2026-2027. Samarbeidsutvalet kjem med eventuelle innspel.

Utviklingsplanen har satsingsområda: konflikthandtering, lesing, oracy og friluftsliv.

Utviklingsplanen blei godkjend av SU.

Skulen kunne og informere om at ein til hausten vil starte opp med aldersblanda grupper i kunst og handverk. På den måten kan lærarane spesialisere seg på ein ting og elevane får eit variert undervisningstilbod av høg kvalitet.

34/2025-2026 Folkehelsemidle

Hilde og Vibeke fortel om tiltaket som startar opp 11. Juni og planar for hausten.

Tu skule og Tjøttaparken barnehage samarbeider om open skule torsdag 11. juni.

Gratisbutikken vil vere open, det blir servering av gratis kveldsmat (havregraut) og biblioteket

vil vere tilgjengeleg for å lese /kikke i bøker. Det er planen å ha eit liknande opplegg til hausten.

Referent

Hilde Johanne Ueland